



Sør-Fron kommune



Ringebu kommune

Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2007-1972	Doknr.: 121
Mottatt: 22 FEB 2008	MP/SDD
Saksber.: RFE	Ark.: 751
Web:	Avskr.:

Vår ref.
08/1426

Dykkar ref.

Arkiv
V40,

Dato
18.02.2008

Høyring - Ny lov om dyrevelferd

Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor omfattar kommunane Ringebu og Sør-Fron. Det er både kommunar med omfattande husdyrhald. Det er viktig for oss å kommentere lovforslaget sidan dyrehold har stor betydning i vårt område.

Moment som vi vel å kommentere.

1. Beitenekt ved stor rovdyrtettleik og fare for stor skade frå rovdyrangrep.
2. Opnar for sonering; område utan fri beiting (rovdyrsone) og område utan rovdyrpress (beitesone). Både punkt 1 og 2 er einskiddetaljar som har stor betydning for beitenæringa.

- a. Bestemmelsane kan brukast slik at det blir umulig å nytte beitane for ein del gardsbruk. Dette har stor betydning og det er derfor viktig å vere meksam på denne verknaden av dette lovforslaget om dyrevelferd. Beitebruk, både på innmark og utmark, er viktig ressursgrunnlag for mange gardsbruk. Ved å umuliggjere bruk av beitane vil ein ta vekk ein stor del av ressursgrunnlaget for einskildbruk med beitedyr.
- b. I tillegg kjem ei juridisk side av beitesaka. Gardsbruka har i dag beiterett i utmarka. Det er ein rett som i praksis kan bli oreigna frå garden utan at dette lovforslaget gjer klart at det er det som skjer. Kompensasjon eller liknande er ikkje tatt med i forslaget.


I sum kan desse einskildmomenta styrast slik at det blir umogeleg å drive med småfe i utmarka i delar av vårt område. Beitenæringa kan bli avvika i desse områda som ein funksjon av bruk av dyrevelferdsloven. Det er viktig å kjenne denne sannsynlege konsekvensen når ein handsamar forslaget. Det er viktig å sjå dette inn i heilskapen når ein vurderer einskildelement.

3. Rett til økonomisk kompensasjon ved beitenekt. Det er fornuftig og riktig i ein del akutt situasjonar, at dyreeigaren får kompensasjon slik at han/ho t.d. kan kjøpe fôr. Slik det er presentert, er det neppe meint som ei løysing på ein varig situasjon kor beiterett og beitemogelegheit er tatt vekk. Ein må også avklare om denne kompensasjonen gjeld både i rovdyrsone og i beitesone.
4. I område kor beitedyra skal ha forrett, må ein ha effektiv bestandsforvaltning av rovdyra.

Adresse MGL Kommunevegen 1 2647 Sør-Fron	Telefon 61 29 92 50 Telefax 61 29 92 51	E-post postmottak@sor-fron.kommune.no Web www.sor-fron.kommune.no	Bankkonto 2095.07.77037 Org. nr. 988 450 936	Saksbehandlar John-Ludvik Dalseg, rådgiver Dir. telefon 61 29 92 49
--	--	--	---	--

5. Oppdage vannskjøtsel - dyrevernsnemnd - varslingsplikt - rutiner.
 - a. Det blir foreslått plikt til å varsel om kritikkverdige tilhøve for dyr. Det bør gjelde uavhengig av personrelatert lovbestemt teieplikt. Eventuelt må varslaren kunne vere anonym.
 - b. Dyrevernsnemdene er ikkje lovvesta i det nye forsalget. Dette svekkar overvåkinga av dyrevelferda. Nemdene bør fortsatt vere lovfesta. I tillegg må ein søke å finne meir effektive rutinar for å kunne oppdage uheldige dyrevelferstilhøve tidleg, slik at ein unngår uverdige og tragiske tilfelle.
6. Piggtråd, det blir ikkje lenger høve til å nytte piggtråd som gjerde for dyr. Slik vi ser det, er det manglande vedlikehald av gjerder med piggtråd som eigentleg er problemet. Brukt på gjerder med omsyn på store dyr, kan piggtråd vere nyttig. Likevel meiner vi at det er riktig å fase ut bruk av piggtråd i gjerder. Dyr kan bli utsett for unødvendig liding i kontakt med piggtråd. Ein bør også ha fokus på vedlikehald av alle gjerder, også utan piggtråd. Dette for å unngå at dyre lir ved t.d. å setje seg fast.
7. Avliving, riktig å kreve at dyret blir bedøvd.
8. Fisking; fange for så å slippe fri. Denne metoden er rekreasjonsfokusert for menneske på bekostning av fisken si velferd.

Med helsing


John-Ludvik Dalseg
rådgiver

Kopi til:

Fylkesmannen i Oppland

Landbruksavdelinga

2626 LILLEHAMMER